

**KONTROLLUTVALET I  
SKODJE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 22.06.2015, kl. 15.00

Møtestad: Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg og Magnar Flaate  
Jon Ola Røstad hadde meldt forfall.

**= 4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 11/15**

**OPPSUMMERING – MELDING TIL BARNEVERNET, B – SAK**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.06.2015

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til at saka er oversendt Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet den 18. juni 2015.
2. Saksdokumenta i denne saka, samt uttale frå Norges Kommunerevisorforbund datert 2. mars 2015 og juridisk betenkning frå professor, dr. juris Karl Søvig datert 10. april 2015, støttar opp under kontrollutvalet sine realitetsvurderingar av saka.

Kontrollutvalet viser elles til rådmannen sitt svar datert 20.03.2015, og kan ikkje sjå at dette svaret har tilført saka noko nytt.

3. På bakgrunn av saka si prinsipielle og allmenne interesse vil kontrollutvalet avvente sluttbehandling til svar er motteke frå nemnte departement.

**SAK 12/15**

**OPPSUMMERING – VALD I SKULEN, B – SAK**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.06.2015

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet vil på vegne av kommunen som skuleeigar understreke betydninga av at elevane skal ha det trygt på skulen og at innbyggjarane i kommunen skal ha tillit til skulen si verksemد.
2. Kontrollutvalet viser til framlagt dokumentasjon som viser at det er påført betydelege skader på ein elev i skuletida.
3. Manglande systematisk arbeid og rutinar for å fremme tryggleiken til elevane (manglande internkontroll) gjer at skuleeigarar i denne saka ikkje kan føre bevis som fritek frå det ansvaret som følger av den omvendte bevisbyrderegelen i opplæringslova §9a-8.
4. Kontrollutvalet viser til tilsynsrapport frå fylkesmannen av 08.12.2010 og 18.03.2013 og ber om å få tilsendt følgjande:
  - a) Rutinar og instruksar for varsling av krenkjande åtferd etter § 9a-3 andre ledd.
  - b) Rutinar for å følgje opp saker som blir varsla av elevar, foreldre eller rådsorgan som representerer elevane.
  - c) Rutinar for at elevane og foreldre blir informert om klageretten på opplæringslova § 9a-3.
  - d) Rutinar for når og korleis ein skal gjere enkeltvedtak etter opplæringslova § 9a-3 tredje ledd.
  - e) Rutinar for brukarmedverknad, slik at alle råd og utval som er påkravd etter opplæringslova kapittel 9a og 11, blir informert og varsla slik lova krev.
5. Kontrollutvalet viser til møtebok frå konfliktrådet datert 04.09.2012 der følgjande går fram:

*«Rektor beklaget den metode som læreren brukte og konsekvensene. Han beklaget også sin manglende oppfølging umiddelbart etter episoden.»*

*«Rektor bekreftet at han ville sende et skriv til eleven/foreldrene hvor han beklaget saken, slik han redegjorde muntlig for i møte. Beklagelse med slike innhold som muntlig ble presentert i møte ville foreldrene akseptere som grunnlag for å normalisere forholdet og bygge videre en god relasjon.»*

Kontrollutvalet viser også til andre bolken i møtet der mellom anna følgjande kom fram:

*«Rektor gjentok sin beklagelse frå bok 1. Brevet som rektor ville sende til eleven/foreldrene ville også inneholde beklagelse som omfattet den etterfølgende manglende oppfølgingen frå skolens side.»*

Kontrollutvalet føreset at vedtaket i konfliktrådet blir sett ut i livet ved at det blir sendt brev til familien med den ordlyden og innhaldet som går fram av konfliktrådet si møtebok.

6. Saka er med dette avslutta frå kontrollutvalet si side.

Vigdis T. Bye  
leiar  
(sign.)

Dag Loe Olsen  
nestleiar  
(sign.)

Grete Dalhaug Berg  
medlem  
(sign)

Magnar Flaate  
medlem  
(sign.)